



Husdyrforsikring

DYR1-1

Innhald

A Kva skadar som vert dekt

B Kva som er forsikra

C Erstatningsfastsetjing

D Andre reglar

MJØLKEPRODUKSJON

DYR1-1 gjeld frå 01.03.2007

Forsikringsavtalen inneheld:

- forsikringsbeviset med nemnde spesifikasjonar og særtilkår.
- dette vilkåret (DYR1-1).
- Generelle vilkår.
- Lov av 16.juni 1989 nr. 69 om forsikringsavtaler (FAL)
- Forsikringsbeviset med spesifikasjonar og forsikringsvilkår gjeld føre lovreglar som kan fråvikast. I tilfelle motstrid mellom reglar om same forhold, får dei prioritet i den rekkefølge dei er oppført ovanfor, likevel slik at spesielle reglar alltid går føre generelle.

Innhald:

A KVA SKADER SOM KAN DEKAST.

O Fellesregel for erstatning.

0.0 Katastrofeforsikring

1. Slaktedyrforsikring.

- 1.1 Død.
- 1.2 Avliving av dyrevernsmessig omsyn.
- 1.3 Bortkomne dyr.
- 1-4 Totalkassasjon
- 1.5 Meirutgifter

2 Livdyrforsikring

- 2.2 Varig nedsett bruksverdi
- 2.3 Kasting og daudfødslar.
- 2.4 Kalvedød.
- 2.5 Meirutgifter
- 2-6 Produksjonstap

3 Besetningsforsikring.

4 Sikringsføresegner.

B KVA SOM ER FORSIKRA

0 Storfe

C ERSTATNINGSUTREKNING

- 1 Dyreverdi.
- 2 Underforsikring.
- 3 Avbrot.
- 4 Eigendel.
- 5 Skjønn.
- 6 Betaling av erstatning.

D ANDRE REGLAR

- 1 Kven forsikringa gjeld for.
- 2 Kvar forsikringa gjeld.
- 3 Diverse reglar ved skade.
- 4 Ansvarsavgrensing .

A Kva skadar som kan erstattast.

Av dette punkt går det fram kva skadar forsikringsavtalen kan femne om, og kva avgrensingar som gjeld. I forsikringsbeviset er nemnd kva del av dette punktet det er gjort avtale om.

A. O Fellesregel om erstatning.

For at ein skade skal kunne erstattast, må den skje brått og uventa, og den må vere grunna av sjukdom eller ulukke. Med ulukke er meint ein skade på sjølve dyret grunna av ein plutselig og uforutsett ytre hending.

Med sjukdom er meint ein skade grunna bl.a. infeksjonar eller parasittar.

A.0.0 Katastrofeforsikring

Skade ved at ei og same hending skjer i løpet av 3-døgn. Skade må overstige avtalt eigendel for dyregruppa.

A.1 Slaktedyr forsikring

Når slik forsikring er teikna, vert fylgjande dekt:

A.1.1 Dyr som døyr som følgje av sjukdom eller ulukke.

A.1-2 Dyr som må avlivast av dyrevernsmessige omsyn som følgje av sjukdom eller ulukke.

A.1.3 Dyr som har kome bort.

A. 1.4 Totalkassasjon av heile dyret på grunn av sjukdom eller ulukke.

Kassasjonen må attesterast av den offentlege kjøttkontroll eller veterinær.

A. 1.5 Etter erstatningsmessig skade etter punkt A.1.1 og A.1-2 vert også fylgjande dekt:

- rydding, bortkøyring og destruksjon av døde dyrhandsaming, bortkøyring og destruksjon av husdyrgjødsel.
- reingjering og desinfeksjon av produksjonslokale. Erstatninga er avgrensa til ein sum i kroner som tilsvarar 20 % av mjølkekvota.

A.1.6 unnateke er:

- 1 Skade på grunn av feil eller svakheit dyret hadde då forsikringa trådde i kraft.
- 2 Skade ved sjukdom som syner symptom mindre enn 30 dagar etter at forsikringa har teke til å gjelde
- 3 Skade, eller del av skade, som kan krevjast dekt av offentlege eller private erstatningsordningar.
- 4 Skade eller del av skade som er erstatningsmessig i høve vilkår for landbruksforsikring.
- 5 Dyr som ikkje let seg fange på utmarksbeite.
- 6 Utgifter til veterinærhandsaming.

A. 2 Livdyrforsikring

Når slik forsikring er teikna, gjeld:

A.2.1 Det som er nemnt under pkt A.1 med unnatak.

I tillegg vert det dekt:

A.2.2 Verdien av produksjonsdyr som vert avliva på grunn av at bruksverdien er varig nedsett som følgje av sjukdom eller ulukke.

Avgrensing:

- Trespentheit åleine vert ikkje sett på som avlivingsgrunn for varig nedsett bruksverdi.

A. 2.3 At ku aller kvige kastar foster i siste tredjedel

av tida det er drektig eller føder daudfødd kalv.

A-2.4 At kalv døyr eller må avlivast av dyrevernsmessig omsyn før 14 dagars alder.

A. 2.5 Dekninga i punkt A.1.5 er utvida til også å gjelde skadar etter punkt A.2.2, A.2.3 og A.2.4. Avgrensinga i punkt A-1,5 gjeld –

A. 2.6 Produksjonstap i inntil 24 mnd vert erstatta i følgjande høver for gruppeforsikra dyr:

- 1 Når forsikra besetning vert råka av skade som er nemnt i pkt A.2-1, A.2.2 og A.2.3.
- 2 Når mjølkeproduksjonen vert redusert med meir enn 10 % som følgje av sjukdom eller ulukke innanfor ein 12 månaders periode.

Avgrensing;

- Mjølkeproduksjon ut over 90 % av den kvota besetninga hadde på skadetidspunktet vert ikkje erstatta. Ved tap som følgje av påbod frå styresmakter er med også erstatning for tap mjølkeproduksjon i avgrensinga gjeve i punkt A.2,6.3 nedanfor.
- Nedgang i mjølkeproduksjon vert ikkje dekt når den skuldast;
- utrangering,
- kronisk mastitt,
- handsaming mot mjølkefeber eller ketose.
- Tap som følgje av smaksfeil og kvalitetsfeil på mjølk vert ikkje dekt.

3 Produksjonstap i inntil 24 mnd vert erstatta når besetning vert råka av påbod gjeve av offentlege veterinærstyresmakter for å nedkjempe smittsame husdyrsjukdomar - påbodet må verte gitt som enkeltvedtak. Erstatninga er avgrensa til eit beløp i kroner, lik mjølkekquota i kg multiplisert med 2,

4 Ved erstatningsmessig skade nemnt i. Pkt A.2.1, A. 1.2 eller A.2.6.3 hjå sikra sin kunde eller leverandør i Norge, dersom inngått avtale vedgår skaden.

- Erstatninga er avgrensa til 50.000,-Unnateke er;
- Tap som følgje av skade som har skjedd under transport.

A. 3 Besetningsforsikring

Når slik forsikring er teikna, gjeld

- for ungdyr og hanndyr:
Det som er vedteke under punkt A.1
- for kyr og drektige kviger:
Det som er vedteke under punkt A.2.

A.4 Sikringskrav

Følgjande sikringskrav gjeld for A.1,A.2 og A.3.

A.4.1 Eigiar og ansvarlige for dyra skal ha tilstrekkeleg kunnskap og omsorg for dyra, til at dei får den røkt og pleie dei skal ha. Eigiar er ansvarlig for at dyra ikkje vert utsett for vanrøkt.

A.4.2 Dyr som vert tekne inn frå andre besetningar skal haldast adskilt frå eksisterande besetning i 30 dagar. Eigiar eller ansvarleg skal i denne perioden forhalde seg slik at smitte ikkje vert overført frå nye dyr til eksisterande besetning.

A.4.3 Ved innføring av nye dyr i besetninga

skal eigiar syte for å ha tilstrekkeleg kunnskap om besetninga dyra kjem frå, med omsyn til helsestatus, vaksinasjonar og inn- og utførsel av dyr. Det skal ikkje innførast dyr frå besetning der eigiar eller ansvarleg etter å ha innhenta nemnde opplysningar burde forstå at det er fare for smitte. Dokumentasjon av desse opplysningane skal oppbevarast i minimum 6 mnd. etter at innførsel har funne stad.

B.1 Storfe

B.1.1 Forsikringa femner om dei grupper av dyr som er nemnde i forsikringsbeviset..

B.1.2 Ved besetningsforsikring trer forsikringa for ungdyra automatisk i kraft frå 14 dagars alder.

C Erstatningsutrekning

Forsikringsavtalelova punkt 6-1 er fråveken. I staden gjeld følgjende:

C.1 Dyreverdi

C.1-1 Forsikringssum

Forsikringssummen er selskapet sitt maksimale ansvar.

I selskapet sitt maksimale ansvar er inkludert eventuelt drektighetstillegg / tillegg for foster.

C.1.2 Forsikringsverdi

1 For kyr og drektige kviger er forsikringsverdien lik dyret sin slakteverdi + eventuelt liv-tillegg.

2 For kalvar/ungdyr frå 14 dagars alder til

utvokst ungdyr / slaktedyrr er dyret sin forsikringsverdi lik dyret sin slakteverdi + eventuelt liv-tillegg, maks kr 10.000,-.

3 Kasting av kalv, dødfødd kalv eller at kalv døyr før 14 dagars alder.

Forsikringsverdien vert sett til kr 1.500-

C.1.3 Erstatningsutrekning av dyreverdi

Skaden vert sett til dyret sin

forsikringsverdi rett før

skadetidspunktet med frådrag av verdien av

det som kan nyttast eller selgjast, eller

vert erstatta av andre forsikringsordningar.

C.2 Underforsikring.

Ved auke av melkekquota, skal dette meldast

Møretrygd. Hvis ikkje dette vert gjort,

Vert det erstatta ein så stor del av skaden som svarer til høvet mellom oppgjeven og faktisk melkekvote.

C.3 Avbrot

C. 3.1 Ansvarstida.

Ansvarstida er inntil 24 mnd frå skadedagen.

C.3.2 Erstatningsutrekning av produksjonstap.

1 Tap skal fastsettast snarast muleg, seinast ved utløpet av ansvarstida.

2 Produksjonstapet vert sett til skildnaden mellom det dekningsbidraget som ville ha vorte oppnådd i ansvarstida uten skaden, og dekningsbidraget etter skaden.

3 Tap av dyr vert dekt som tingskade Ved fastsetjing av produksjonstapet tar ein ikkje med tingskade eller ufullstendig tingforsikring.

4 Underforsikringsreglane i pkt c.2 får også verknad for erstatning av produksjonstapet ved at produksjonstapet vert erstatta i samme høve som tingskade-erstatninga for dyr.

5 Den sikra pliktar å medverke til at produksjonsresultatet i ansvarstida vert så godt som. muleg, f. eks ved utbetring og attskaffing, mellombels omlegging eller innstilling av drifta. Dersom selskapet gjev bestemte tilvisingar, må desse følgjast.

C.4 Eigendelar

Eigendelen gjeld pr forsikringsår.

Dersom eigendel er avtalt, er denne nemnd i forsikringsbeviset i kroner.

Eigendelen vert rekna av melkekquota for den dyregruppa som er forsikra-

Ved skade reknar ein eigendelen pr dyregruppe

som er forsikra.

C.4.1 Ved erstatning både for dyr og produksjonstap
gjeld ein eigendel og då den største.

C.4.2 Spesiell eigendel ved skade innanfor eit
avgrensa tidsrom.

Ved erstatningsmessig skade trekker ein ikkje eigendel på tingskaden (erstatninga for dyra) når det innanfor ein periode på 14 dagar går tapt dyr for kr 40.000 eller meir- I eit eventuelt avbrotstap trekker ein den eigendelen som går fram av punkt C.4.3.

C.4.3 Ved erstatning av produksjonstap etter vilkåret
sitt pkt. A.2.6. trekker ein ein eigendel på kr 10.000 pr. forsikringsår, dersom ikke høgare eigendel er nemnd i forsikringsbeviset.

C.4.4 Avtalt eigendel vert trekt frå skaden.

C.5 Skjønn

Skadefastsetting, dyret sin forsikringsverdi og spørsmål i høve fastsetting av avbrotstap vert avgjort ved skjønn dersom den sikra eller selskap krev det- Reglane om skjønn i Generelle vilkår skal i så fall nyttast.

C.6 Betaling av erstatning

C.6.1 Erstatninga forfell til betaling når

Selskapet har hatt høve til å skaffe seg dei opplysningane og gjere dei undersøkingane som er naudsynt for å kunne vurdere storleiken av skaden.

C.6.2 Så lenge offentleg undersøking ikkje er
avslutta, kan erstatning ikkje krevast utbetalt.

C.6.3 Erstatning for dyr som har kome bort, vert
utbetalt tidlegast tre månader etter at dyret vart meldt sakna.

D Andre reglar

D.1 Kven forsikringa er teigna til fordel for.

D.1.1. Den som er nemnd i forsikringsbeviset
(forsikringstakar).

D.1.2 Ektefelle.

D.1.3 Andre medlemar av den faste husstand som
i følgje Folkeregisteret har felles adresse med forsikringstakar,

D. 2 Kvar forsikringa gjeld

Forsikringa gjeld i Norge.

D.3 Diverse reglar ved skade.

D.3.1 Den som vil krevje erstatning, må utan ugrunna opphald melde ifrå til selskapet om skaden. Skaden skal meldast på Møretrygd sitt skademeldingsskjema.

D.3.2 Når sjukdom eller ulukke råkar forsikra besetning, pliktar den sikra å gjere det som er muleg for å avgrense skaden. Veterinær eller offentlege styresmakter sine tilvisingar skal følgjast.

D.3.3 Ved ulukke eller akutt sjukdom skal ein før avliving om mulig rådføre seg med veterinær.

D.3.4 Hvis dyr dør eller må avlivast uten at veterinær kjem til staden, skalhendelsesforløpet stadfestast skriftleg av ein uhilda person -

D.3.5 Dersom dei kliniske funn ikkje gjev grunnlag for ei diagnose, pliktar forsikringstakaren å sørge for at dyret, eller kasta foster, vert obdusert. Obduksjonskravet kan frafallast etter avtale med Møretrygd.

D.3,6 Alle tilfelle av kasting skal meldast til veterinær snarest muleg, og veterinæren skal stadfeste antall døde foster.

D.3.7 Når det er gjeve offentlege veterinære påbod som gjeld forsikra besetning, pliktar

eigar/ den ansvarlege å følgje veterinæren sine tilvisingar.

D.4 Ansvarsavgrensing.

D.4.1 Forsikringa er overteken på vilkår av at dei fastsette sikkringsforskriftene til ein kvar tid vert heldne. Har den sikra unnlete å halde sikringskrava, eller sjå til at dei vert haldne, kan VB sitt ansvar setjast ned eller falle heilt bort.

D.4.2 Handlingar og forsømingar frå den sikra ektefelle som bur saman med den sikra, eller frå personar som den sikra lever saman med i eit fast etablert forhold, får same verknad for den sikra sine rettar som om handlingane og forsømingar var gjort av den sikra sjølv.

D.4.3 Det same vil gjelde dersom handlingane og forsømingar er gjort av ein person som med den sikta sitt samtykke er ansvarleg for dyra, for kortare eller lengere tid.